



Arkivnr: 2014/559-31

Saksbehandlar: Ingeborg Strandberg

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		21.02.2018
Fylkestinget		06.03.2018

Vedtektsendringer for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval

Samandrag

Ungdommens fylkesting fekk sitt reglement inkludert i Delegasjonsreglementet til Hordaland fylkeskommune etter vedtak i fylkestinget 11.06.2014. Her vart det stadfesta at vedtektene til Ungdommens fylkesting berre kan endrast av det ordinære fylkestinget.

Ungdommens fylkesting 2016 vedtok forslag til vedtektsendringar 14.02.2016. Ved en inkurie vart desse ikkje presentert for fylkestinget. Ungdommens fylkesting 2018 vedtok forslag til vedtektsendringar 11.02.2018. Forslag til vedtektsendringar frå Ungdommens fylkesting 2016 og 2018 vert presentert i denne saka.

Forslag til innstilling

Fylkestinget vedtek reviderte vedtekter for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 07.02.2018

Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval har fått utforma eit reglement, som ein finn i Delegasjonsreglementet til Hordaland fylkeskommune s. 11, og har sine egne vedtekter som styrar dei interne prosedyrane. Både reglement og vedtekter kan berre verte endra på fylkestinget, og når det gjeld vedtektene er dette heimla i §5 Endring av vedtekter:

«5. 1 Fylkestinget i Hordaland har mynde til å endre vedtektene for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval. Vedtektene kan likevel berre endrast etter forslag frå Ungdommens fylkesting. Forslag til vedtektsendring vert vedteke ved 2/3 fleirtal.»

Ungdommens fylkesting 2016 vart halde 12.-14. februar. Der vedtok Ungdommens fylkesting, med 2/3 fleirtal, slikt vedtak:

«Vedtak

Ungdommens fylkesting vedtek slike vedtekter for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval, og ber om at desse vert lagt fram for fylkestinget for endeleg godkjenning:

§ 2.8 Ungdommens fylkesting skal bestå av ungdom mellom 15 og 20 år med tilknytning til fylket. Det vil seie at ein kan ~~delta~~ vere *delegat* frå og med det kalenderåret ein fyller 15 år, og til og med det året ein fyller 20 år.

§ 2.23 *Ungdommens fylkesting vel kontrollkomité*. Kontrollkomiteen skal ha ein kontrollerande funksjon ovanfor Ungdommens fylkesutval og Ungdommens fylkesting. Kontrollkomiteen skal sjå til at arbeidet skjer innanfor den ramma som er sett av vedtektne dokument på Ungdommens fylkesting. Komiteen skal bestå av tre medlem, fortrinnsvis eit avtroppande medlem av Ungdommens fylkesutval. Kontrollkomiteen har tale- og forslagsrett på Ungdommens fylkesutval, og Ungdommens fylkesting, sine møte.

§ 3.4

For arbeid og deltaking i Ungdommens fylkesutval skal det på slutten av valperioden utstedes attest for det arbeidet ein enkeltperson har gjort i UFU. Denne attesten skal utskrivast av fylkesadministrasjonen og skal virke som stadfesting på personen sin deltaking i UFU, og skal innehalde informasjon om kor mange valperiodar representanten har vore i UFU. Attesten skal også gi ein stadfesting av eventuelle verv representanten har halde.

Endringane er markert i teksten.»

Ungdommens fylkesting 2018 vart halde 9.-11. februar. Der vedtok Ungdommens fylkesting, med 2/3 fleirtal, slikt vedtak:

«Vedtak

Ungdommens fylkesting vedtek slike vedtekter for Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval, og ber om at desse vert lagt fram for fylkestinget for endeleg godkjenning:

§ 2 Ungdommens fylkesting

Samansetting

2.8 Ungdommens fylkesting skal bestå av ungdom mellom ~~15~~ 14 og 20 år med tilknytning til fylket. Det vil seie at ein kan delta frå og med det kalenderåret ein fyller ~~15~~ 14 år, og til og med det året ein fyller 20 år.

§ 4 Rusmiddel

- 4.1 ~~Alle møte og tilstellingar i Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval skal vere rusfrie under heile arrangementet/oppaldet.~~

§ 6 Arrangement i regi av Ungdommens fylkesting/Ungdommens fylkesutval

- 6.1 *Det er ved alle arrangement i regi av Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval nulltoleranse for trakassering.*
- 6.2 *Alle møte og tilstellingar i Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval skal vere rusfrie under heile arrangementet/oppaldet.*
- 6.3 *Deltakarar som bryt regelverket etter § 6.1 og § 6.2 eller kjørereglane vedteke av Ungdommens fylkesting eller Ungdommens fylkesutval kan hjemsendes fra møtet eller arrangementet etter vedtak i kontrollkomiteen*
- 6.4 *Dersom medlem i Ungdommens fylkesutval, kontrollkomiteen eller deltakere ved Ungdommens fylkesting/Ungdommens fylkesutval sine arrangement får informasjon om brot på vedtektenes § 6.1 skal dette meldast til fylkesadministrasjonen sitt varslingsutval etter diskusjon med Ungdommens fylkesutvals rådgjevar/sekretær. Desse sakene skal handsamast under taushet fram til endeleg konklusjon er fatta.»*

Vedlagt finn de vedtektene der endringane er markert. Tillegg står i kursiv og det som er fjerna er markert med overstryking.